

## Gjeld søknad om barnehageplass

Frå og med hovedopptaket i barnehagar for 2019, skal søknad om barnehageplass i Surnadal kommune gjerast via Visma Flyt Barnehage sin føresetteportal.

Dette gjeld enten du søkjer for første gang, du skal endre plasstype eller om du søker overføring til annen barnehage.

Du skal bruke denne føresetteportalen for søknad både i kommunale og private barnehagar.

### Innlogging:

På Surnadal kommunes si nettside vil du finne ein link <https://barnehage.visma.no/surnadal>

Denne linken går direkte til Visma Flyt Barnehage sin føresetteportal

Du loggar deg inn med elektronisk ID via ID-porten.



Figur 1 Bilde viser at du kjem til ID-porten ved å trykkje på lenka

Søknaden blir sendt elektronisk til kommunen sitt fagsystem.

Når du har sendt søknaden, vil du motta ei stadfesting på den e-postadressa du har oppgitt i søknaden.

### Korleis svare på melding om tildelt plass:

Når du skal svare på meldinga om tildelt plass, loggar du deg inn på Føresetteportalen på samme måte som når du sendte søknaden. Legg inn svaret slik det passar for deg.

Dersom du treng hjelp til å fylle ut søknad, kan du ta kontakt med Kenneth Bergstad i Surnadal kommune på tlf.: 930 61 792